

## MS TRONBUEN - frå banklinefiske til turbåt

14.07.2016



Sigmund Hernar frå Øygarden med Brimsnesskøyta si. Logoen i baugen fortel kor fartyet kjem frå.

**Det ligg ei vakker skute på Sandakaien denne veka. Eigar er Sigmund Hernar frå Øygarden. Fartyet kjem frå Skjervøy på Finnmarkskysten og har vore brukt til banklinefiske, seinare seinotfiske. No er MS TRONBUEN ein godt utrusta turbåt.**

Uskedalen.no møter Oddlaug og Sigmund Hernar. Dei er godt nøgde med mottakinga i Uskedalen, fekk god kaiplass med tilbod om straum og vatn. Uskedalen er ei god bygd å koma til. Her er roleg og all service har vore framifrå, fortel Oddlaug.



Sigmund i styrehuset. Han har gjort alt innreiingsarbeid på skuta.

Sigmund Hernar er tidlegare sjøkaptein. Han segla som styrmann og kaptein i Concordia linja til Christin Haaland i Haugesund. Seinare vart det offshore, mellom anna på dykkarskip i Nordsjøen. Ei tid var han innom kystfart og hugsar at han har vore i Dimmelsvik for å lasta grus. Då gjekk ein alltid Storsund.

MS TRONBUEN er 50 fot med 350 HK MAN. Sigmund kjøpte fartyet for 5 år sidan, henta den i Alta. Fartyet er strukturert. Det vil sei at kvoten er flytta over på nye båtar. Dermed vart TRONBUEN lagt ut for sal. Bakken er original, men ruffen er ombygd for å gje plass til dusj og toalett. Lugaren forut er restaurert. Bak styrhuset er det salong med bysse. Sigmund Hernar har gjort alt arbeidet sjølv og han er godt nøgd med fartyet som turbåt.

MS TRONBUEN er ei sokalla Brimsnesskøyta, bygd på Averøy. Det kan ein sjå på logoen i baugen, ein engel med ein skrei inni. Andre mest like skuter vart omtala ut frå kor dei var bygde,- Rognasskøyte og Mjåsundskøyte. Det som særmerkjer skøyta frå Averøy, er lufting inn i spanterommet, noko som gjer at skutesida held seg blank og fin.

I dag vil Oddlaug og Sigmund ta turen til Rosendal og Baroniet. Det gjer dei med buss. Skuta ligg trygt og godt i Uskedalen. I slutten av veka går turen vidare i Sunnhordland og om det lagar seg slik, endar MS TRONBUEN og eigarane opp på Havnadagane i Haugesund i august. Med den gode mottakinga dei fekk, er det mykje truleg at turen går tilbake til Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal